

STIFTINGA MUSEUMSSENTERET I  
Salhusvegen 201  
5107 SALHUS

---

<b>Dato</b>	28.11.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/61761-144
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Marianne Ose Askvik
<b>E-post</b>	Marianne.Ose.Askvik@vlfk.no
<b>Telefon</b>	48995258

Att.Nikolai Rypdal Tallaksen

## Kulturelt utviklingsprogram 2022. Underretning om tildeling

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til Kulturelt utviklingsprogram 2022.

Vestland fylkeskommune, Hovudutval for kultur, idrett og integrering har i møte 17.11.2022, politisk sak 142/22, gjort vedtak om tildeling av tilskot.

De vart tildelt 750 000 kroner i tilskot.

### Grunngjeving:

Ved søknadsfristen 01.09.2022 var det kome inn 70 søknader. Samla søkesum var om lag 41 millionar kroner. Det er totalt 6 980 000 kroner til fordeling under Kulturelt utviklingsprogram KUP 2022.

Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekte retningslinjer. Til grunn for handsaminga låg utgreiing av prosjektet slik det vart framstilt i søknaden. Dykkar søknad vart vurdert saman med andre søkjarar opp mot retningslinjer og prioriterte programområde for Kulturelt utviklingsprogram i tillegg til kulturplan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR

Fylkesdirektøren sitt forslag vart vedteke med endringar, sjå vedlagt saksprotokoll.

### Vilkår for tilskotet

- Føresetnaden for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert i samsvar med innsendt budsjett / finansieringsplan. Dersom samla finansiering frå andre kjelder vert redusert kan det fylkeskommunale tilskotet verta redusert tilsvarande. Dersom tildelt sum er lågare enn omsøkt sum, må oppdatert finansieringsplan leverast til godkjenning.
- Prosjektet skal gjennomførast i samsvar med prosjektgrunnlaget slik det ligg føre i søknaden. Tilsegnsmottakar skal av eige tiltak varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar i prosjektplanen, til dømes vesentlege endringar i kunstnarisk profil / program, budsjett eller finansieringsplan. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.
- Dersom prosjektet inneber framføring eller liknande med sal av billetter, er det ein føresetnad at tilsegnsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- Tilsegnsmottakar skal informera tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Vestland fylkeskommune ved alle presentasjonar, framføringar og liknande.
- Det er ein føresetnad for tildelinga at krav til god økonomiforvaltning, kontroll og rapportering vert følgt.

Brot på vilkår kan føra til inndraging/attendebetaling av heile eller deler av tilskotet.

All rapportering ol .skal sendast på e-post til [vlfk@vlfk.no](mailto:vlfk@vlfk.no) eller per post og skal merkast med saksnr. VLFK - 2022/61761. Postadresse er Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen.

### Utbetaling

Det er særlege rutinar for utbetaling for Kulturelt Utviklingsprogram KUP;

Vi ber om at de signerer og returnerer vedlagte akseptskjema innan 4 veker som ei stadfesting på at de har akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt i samsvar med desse.

Når fylkeskommunen har motteke akseptskjema, vert fyrste delutbetaling gjennomført. For prosjekt som går over 1 år vil 90 % av tilskotet utbetalast på dette tidspunkt. Fleirårige prosjekt vil og få utbetalt ein delsum ved innsending av akseptskjema. Deretter vert utbetaling av midlane gjennomført årleg i prosjektperioden på bakgrunn av innsendt statusrapport. Siste 10% av totalsum vert utbetalt når det ligg føre sluttrapport og -rekneskap.

Tilsegnsnittakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt tilskot er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### Statusrapportering og oppfølging i prosjektperioden

For fleirårige prosjekt skal statusrapport sendast inn kvart år. Dette gir grunnlag for utbetalingane i perioden. Skjema for statusrapportering finn de på denne sida:

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kunst-og-kulturutvikling/kulturelt-utviklingsprogram/>

Møter for oppfølging og evaluering av prosjektet skal gjennomførast ved behov og etter nærare avtale. Dykkar kontaktperson vil vera Marianne Ose Askvik ([marianne.ose.askvik@vlfk.no](mailto:marianne.ose.askvik@vlfk.no)).

### Rapportering med rekneskap ved prosjektslutt

Sluttrapport skal sendast til fylkeskommunen ved prosjektslutt. Sluttrapporten skal innehalda desse punkta:

- o Kort om bakgrunn og målsetting for prosjektet
- o Greie ut om gjennomføringa av prosjektet og i kva grad målsettinga vart nådd.
- o Oppsummering av prosjektarbeidet, erfaringar som til dømes sterke/svake sider ved organisasjon/gjennomføring mv.
- o Eventuell vidareføring av prosjektet, overføringsverdi
- o Signert sluttrekneskap skal sendast ved prosjektslutt. Registrert revisor skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn frå og med 100 000 kroner.
- o Tilsegnsnittakar må også gje ei supplerande presentasjon i tekst/foto ved prosjektslutt.

### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsnittakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Dersom kontrollen avdekker brot på vilkåra for tilskotet kan dette føra til inndraging av heile eller deler av tilskotet.

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klage sendast til Vestland fylkeskommune, [vlfk@vlfk.no](mailto:vlfk@vlfk.no) merka «Klage – 2022/61761».

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Dersom De har spørsmål til saka er De velkommen til å ta kontakt. Dykkar kontaktperson vil vera Marianne Ose Askvik telefon: 489 95 258 eller e-post [marianne.ose.askvik@vlfk.no](mailto:marianne.ose.askvik@vlfk.no)

Med helsing

**David Johannes Sandved**  
seksjonssjef  
KII - Kulturarv

**Marianne Ose Askvik**  
seniorrådgiver  
KII - Kunst- og kulturutvikling

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Akseptskjema KUP 2022**
- 2 Kulturelt utviklingsprogram (KUP). Fordeling 2022**
- 3 KUP 2022. Søknader med grunngjeving**
- 4 Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering. 17.11.2022**